

Øystese sokneråd
5610 Øystese
Sakliste, Øystese Sokneråd

Stad: Øystese bedehus
Dato: **tysdag** 01.04.2025
Tid: kl. 19.00-2100
Soknerådsmøta er opne.

Dato: 04.04.25		
Innkalla : Roar Strømme, Aina T Vågen, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Gunlaug Sekkingstad, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjørn, Bård Magnus G Lundestad, Kjell Dysvik, Astrid Lunestad, Ruben Øystese, Therese Rykkje, Inger K Tordal		
Ref: Anne Christin Myklebust		
Ikkje til stades: Astrid, Roar, Inger K		
NR:	SAKER:	MERKNADER:
1.	Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen	
INFO	Innkomen post, økonomi, mm	<ul style="list-style-type: none">- Orientering om personalsituasjon-rekruttering- Orientering frå fellesrådsmøte og økonomistatus for fellesrådet. Økonomien er anstrengd, trass i at ein har fått 500 000 ekstra. <p>Ein må finne ein anna revisor for neste år då Anne Marie har sagt ifrå seg dette. Det vart nemnd nokre namn som ein skal spørja.</p>
1	Evaluering av gudstenester mm	Soknerådet har fått tilbakemelding på at det vart noko lang gudsteneste førre gong med 4 barnedåpar, barnekor og nattverd. Det kom også innspel om at ein gjerne kan ha salmar som er meir kjende for alle når ein veit at det kjem mange folk.
2	Kyrkjebygget og uteområdet, orientering om kor langt ein er komne i arbeidet her, herunder minnelund.	<ul style="list-style-type: none">- Vidareføring av sak frå 7.1. og 4.2. Teppet i kyrkja er kome og det vert rulla ut og sete på plass i næraste framtid. Ein skal også gjere plass til rullestolbrukarar. Ein ynskjer

		<p>også å gjere noko med omnane under benkene. Kyrkjekontoret held tråden.</p> <p>Fint at nokon andre tek seg av det tekniske, men estetikk vil gjerne soknerådet uttala seg om.</p> <p>Putene i kyrkja er ikkje fine lengre. Ein bør skifte desse ut.</p> <p>Arbeidet med minnelunden kjem gjerne i gang dette året.</p>
3	Årsmøtet i kyrkjelyden	<ul style="list-style-type: none"> - Orientering om møtet, me fekk ikkje spesielle innspel.
4	Seminar-sorgarbeid	<ul style="list-style-type: none"> - Vidare arbeid med mogeleg arr. - omtala på førre soknerådsmøte
5	Kvalitetssikring av oppgåver neste månad	<ul style="list-style-type: none"> - Konfirmantfesten 10.4. er nokså ferdigplanlagt (Aina og Gunnlaug handlar inn). Soknerådet møter kl. 16.30. Bård Magnus: trekkje kaffi. Kjell leiar festen og Astrid har ein quiz. Ruben syng. Kjell Arne spelar. - Lisbeth Henriksen frå Ålvik skal vera med oss. Me spør om dei kan stille med to ekstra personar og 4 kaker. - Fasteaksjonen 8.4. Konfirmantane møter klokka 1700. Dei må berre gå i 1,5 time (maks). 3 representantar møter 15.30-16.00 for å gjere klar bøssene. Dei andre møter litt før kl. 1700 for å sende ut konfirmantane. Saft, beger og twist til konfirmantane når dei er ferdige. Dette handlar Aina og Gunnlaug. Gunnlaug og Kjell køyrer. Kjell Arne i reserve. Me forventar at foreldre kan køyre, og håpar at kyrkjekontoret har signalisert dette til føresette. - Krølletreff 6.mai. Hilde tek kontakt. Anne Britt skal også vera med. - Konfirmasjon i 2027. Soknerådet ynskjer ikkje at ein brukar 1.mai til konfirmasjon. Me ser for oss at det finst andre løysingar.

	Eventuelt	<p>Me fekk eit hefte med oss «Våge, tru og bevare», og me skal setje oss i dette i mai eller juni møte.</p> <p>Møtet vert avslutta med “Vår far”.</p>
--	-----------	---